



Reisevaneundersøking for Sykkylven kommune 2025

Bakgrunn og føremål med undersøkinga

Sykkylven kommune har fått tildelt 400.000 kr i Klimasats-midlar frå Miljødirektoratet. Alle midlane skal brukast på klimavennleg transportplanlegging. Prosjektet har fått namnet “Sykkylven sykkelvenn”, og har varigheit i eitt år. Som første del av prosjektet vart det laga ei reisevaneundersøking for å skaffe innsikt i kva som er viktig for folk når det kjem til å kome seg rundt i Sykkylven. Resultata frå denne undersøkinga vil bli lagt stor vekt på i det vidare arbeidet.

Generell informasjon

Vi valte å dele reisevaneundersøkinga i to: Ei for alle innbyggjarar, og ei for elevar ved Sykkylven ungdomsskule og Sykkylven vidaregåande skule, der vi berre hadde med dei spørsmåla som var relevante for elevar.


- Begge undersøkingane var opne i tidsrommet 05.09 – 28.09.25
- Vi fekk til saman 543 svar, der 277 svar kom frå elevundersøkinga.
- Av alle som svarte var 44 % menn og 56 % kvinner.
- 58 % av respondentane kan gå til biblioteket på mindre enn 30 minutt, dvs dei bur sentrumsnært.

Resultat


Bruk av transportmiddel i kvardagen

Av respondentane over 25 år, oppgir 86 % at bil er det transportmiddelet dei nyttar mest i kvardagen. 11 % bruker beina, sykkel eller sparkesykkel som vanlegaste transportmiddel.

Av respondentane under 24 år, oppgir 38 % at dei nyttar bil som vanlegaste transportmiddel, anten ved å køyre sjølv, eller som passasjer. 21 % går mest, og 17 % brukar mest sykkel. Dernest kjem bruk av kollektivtransport, sparkesykkel og motorsykkel/moped.



Dersom folk ikkje hadde hatt tilgang på bil, kjem sykkel/elsyssel ut som det klart føretrekte transportmiddelet (39 %), etterfølgt av å gå (24 %) og deretter å reise kollektivt (22 %).



På spørsmål om kva som vil vere den viktigaste grunn til å la bilen stå, svarar 40 % eit godt kollektivtilbod. 32 % meiner gode sykkel- og gangveggar vil vere det viktigaste tiltaket for å velje vekk bilen.

For dei over 25 år er mosjon den viktigaste motivasjonsfaktoren for å sykle (33 %), etterfølgt av at det er bra for miljøet og gratis. Blant elevane svarar 28 % at det er ingenting som motiverer dei til å sykle. Av dei elevane som finn motivasjon i å sykle, er det flest som blir motivert av å spare tid og at det er enkelt. Like bak kjem det at dei får treffe venner og at det er bra for miljøet.

Kva hindrar folk i å bruke sykkelen oftare enn dei gjer i dag?

Den klart viktigaste årsaka til at folk vel å køyre bil i staden for å sykle, er dårleg ver (59 % oppgir dette som ei hindring).

38 % synest reisa tek for lang tid med sykkel. Like mange oppgir at det er vanskeleg å transportere varer eller barn på sykkel.

Andre hindringar er til dømes at det opplevast utrygt, nokon har ikkje god nok sykkel, andre oppgir at det er for anstrengande å sykle. 19 % av elevane ved ungdomsskulen og vidaregåande oppgir at dei er redde for at sykkelen skal bli stelt.

Totalt er det 22 % som svarar at det er ingenting som hindrar dei frå å sykle meir.

Kva ønsker folk at Sykkylven kommune skal gjere

På spørsmål om kva folk ønsker at Sykkylven kommune skal prioritere for å få fleire til å sykle, er det to tiltak som utmerkar seg: Bygge ut samanhengande sykkelveggar der det manglar i dag, og forbetre kvalitet og tryggleik på eksisterande sykkelveggar. I tillegg er det også mange som ønsker seg fleire sikre sykkelparkeringar.

Køring av barn til skule og fritidsaktivitetar

189 av respondentane har barn ved ein av skulane i Sykkylven.

Reisevanar for dei som har barn **med** rett på skuleskyss:

- 33 % køyrer/hentar barnet sitt ved skulen dagleg i sommarhalvåret
- 39 % køyrer/hentar barnet sitt ved skulen dagleg i vinterhalvåret.
- 20 % køyrer/hentar sjeldan eller aldri barnet sitt ved skulen.



Reisevanar for dei som har barn **utan** rett på skuleskyss

- 30 % køyrer/hentar barnet sitt ved skulen dagleg i sommarhalvåret
- 45 % køyrer/hentar barnet sitt ved skulen dagleg i vinterhalvåret.
- 16 % køyrer/hentar sjeldan eller aldri barnet sitt ved skulen



Av alle som har barn i skulealder, er dette topp 5 hindringar for at barnet kan gå/sykle til skulen eller fritidsaktivitetar sjølv:


	Hindring	Kommentar
1	Lang avstand	Nesten alle nemner avstand som hovudårsak – både til skule og fritidsaktivitetar.
2	Farlig eller utrygg veg (trafikk, fart, smale vegar)	Ein av dei viktigaste hindringane, ofte kombinert med mangel på fortau/gangveg.
3	Manglande gang-/sykkelveg og lys	Kjem tett etter trafikk – mange skriv at det ikkje finst trygge vegar eller belysning.
4	Dårleg kollektivtilbod / bussrutene passar ikkje	Få bussar, feil rutetider og lang ventetid – særleg i utkantane.
5	Alder, tryggleik, praktiske eller helsemessige forhold	Nokre nemner at barnet er for ungt, har tung sekk, eller at vår og helse gjer det vanskeleg.

Vi spurte om det er ein eller fleire stader folk ønsker seg betre sykkelparkering.

Vi fekk 72 svar på dette spørsmålet. Majoriteten ønsker seg betre sykkelparkering ved butikkane i sentrum, og sentrum generelt. Mange skriv at det er få eller dårlege stativ ved matbutikkane. Ungdomsskulen og vidaregåande er også trekt fram som stader der det er behov for betre sykkelparkering. I tillegg er BUAS nemnt fleire gonger, og området ved busshaldeplassen i sentrum.

Mange ønsker seg trygge stativ med tak både i sentrum og ved skulane, også med plass til sykkelvogner. Nokre påpeikar at det bør settast opp kameraovervaking for å hindre hærverk og tjuveri.

Her er oversikt over kvar det er ønske om betre sykkelparkering i sentrumsområdet:



Strekningar der det er vanskeleg eller utrygt å sykle i dag

På dette spørsmålet fekk vi 289 svar. Dei strekningane som oftast er nemnt er:

- Aursneset – Næringsfabrikken/Ullavik
- Straumgjerde – Vik
- Ikornnes – Hundeidvik
- Velledalen – Sykkylven sentrum
- Dalevegen

I tillegg nokre konkrete punkt:

- Sentrum blir trekt fram som lite tilrettelagt for sykling. Mange ønsker sykkelfelt, tryggare kryss og færre bilar midt i sentrum.
- Skulevegane blir trekt fram som særleg viktige.
- Fortau/undergang ved fv60 Ullavik-krysset, Kagholvegen (dårleg dekke), strekninga forbi gamle YX.

Kva bør Sykkylven kommune prioritere av tiltak for å få fleire til å sykle

Det er brei einigheit blant respondentane om at trygge, samanhengande sykkelvegane er det viktigaste tiltaket for at fleire skal velje å sykle. I tillegg kjem fleire, trygge sykkelparkeringar høgt opp på lista.

Mange ønsker seg også betre moglegheit for å leige sykklar, økonomiske insentiv for kjøp og reparasjon av sykkel og utstyr, og at kommunen skal arbeide med informasjon og kampanjar for å få fleire til å sykle.

Andre kommentarar til å det å kome seg rundt i Sykkylven

Sykkylven er ein kommune der mange er avhengig av bil for å få kvardagen til å gå rundt. Lange avstandar mellom bustad, skule og fritidsaktivitetar gjer at bil blir det einaste hensiktsmessige alternativet.

Det er stor einigheit om at tryggleik og infrastruktur er nøkkelen for å få fleire til å sykle. På andre sida er det nokre som meiner at gang- og sykkelvegane blir lite brukt, og at ressursane burde nyttast andre stader.

Kollektivtilbodet blir gjennomgåande omtalt som for dårleg, uforutsigbart og lite tilpassa kvardagen. Folk etterlyser:

- Fleire og billigare bussavgangar, også i helg og høgtider
- Betre samhandling mellom buss og ferje
- Mindre bussar og timekøyring rundt bygda

Andre forslag blant kommentarane:

- Reparasjonsstasjon for sykkel i sentrum
- Utbetre undergangen ved fv60 i Ullavik

- Betre brøyting og vedlikehald av gang- og sykkelveggar om vinteren
- Tydelegare skilting av sykkelruter
- Det trengst haldingsarbeid for å endre reisevanar
- Arbeidsgivarar kan gi belønning for å bruke sykkel
- Gratis utlån av el-syklar, enklare tilgang utan krav om lånekort
- Meir fartskontroll frå politiet
- Bedre skilting og lyssetting
- Reparasjon av vegar med dårleg asfalt
- Leige av el-sparkesyklar i sentrum

Oppsummert

Reisevaneundersøkinga viser at bil er den mest praktiske løysinga for dei fleste når det gjeld å kome seg rundt i Sykkylven i dag. Det blir etterlyst tryggare og meir samanhengande sykkelveggar og fleire sikre sykkelparkeringar, desse tiltaka kan få fleire til å sykle framfor å køyre bil.